

## Pressemelding frå Sunnhordland Kraftlag AS

### ÅRSREKNESKAP 2021 FOR KONSERNET SKL

**Året 2021 var eit aktivt og godt år for SKL, med mange prosjekt i arbeid. Hausten 2021 vart prega av svært høge kraftprisar, noko som gjer at økonomisk har SKL sitt beste år nokon sinne. Dei høge prisane gjev likevel grunn til uro. Ingen er tent med ein situasjon der det er stor skilnad på det forbrukaren forventar å betala, og den prisen marknaden gir. Det gode resultatet kjem våre offentlege eigarar til gode, og gjer rom for vidare investeringar innan fornybar energi, i tillegg til større rom for gode offentlege tenester.**

**Norge har eit omfordelingsproblem. Som nasjon nyt me godt av dei store inntektene frå olje-, gass- og kraftmarknaden. Det tener landet godt, men vi har ei omfordelingsutfordring. Belastinga er stor på privatpersonar og industri, medan inntektene kjem til stat og kommune. Vi er glade for den støtta staten har gitt, og det bør arbeidast meir med den for bedrifter og industri.**

**SKL støttar dagens marknadsmodell, som har tent landet godt. Vi vil åtvare mot at vi gjer beslutningar i det kortsiktige biletet, som svekkar utviklinga på lengre sikt.**

**Vi er òg redde for at slik det er no, så vil klima og miljø vera den tapande part. Verden, Europa og Norge treng meir fornybar energi. Sjølv om all utvikling av kraftproduksjon og infrastruktur (nett) skal vera så skånsom som mogleg, vil auka energiproduksjon medføre naturinngrep. Det må vi ta inn over oss.**

Etter ei årssomsetning på 2 163 mill. kr, fekk konsernet SKL i 2021 eit resultat etter skatt på 703,3 mill. kr. Resultatet er 700,4 mill. kr betre enn i 2020, og har bakgrunn i svært høge kraftprisar.

Det kom lite nedbør i starten av 2021, og sjølv om situasjonen betra seg gjennom hausten enda det med berre 2 819 mm nedbør i Matre der hovudanlegga til SKL ligg. Dette er 15 % lågare enn normalt, og svært mykje lågare enn i 2020 som enda på 4 032 mm. Produksjonen enda på 2 343 GWh i SKL, eller 45 GWh (2%) meir enn normalt. Konsoliderte småkraftverk produserte 76 GWh, noko som er 9 GWh lågare enn normalt. Magasininnhaldet ved inngangen til 2021 var 200 GWh høgare enn ved utgangen av året.

Året 2021 vart endå eit spesielt driftsår. Koronaviruset vart frå mars månad ei utfordring for normal drift. Mange tilsette har hatt heimekontor i store delar av året, og driftspersonell har handtert smittefaren på ein framifrå måte, men med store omleggingar i dei daglege rutinane.

#### SKL AS

Postboks 24 – 5401 Stord    [post@skl.as](mailto:post@skl.as)

Telefon 53 49 60 00

[www.skl.as](http://www.skl.as)

Foretaksnr. NO 992 836 679

MVA

Dekningsbidraget av kraftomsetninga var for 2021 på 1 901,0 mill.kr mot 277,8 mill.kr i 2020 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS, og 1 946 mill.kr, mot 286,6 mill.kr i 2020 i konsernet. I tillegg oppnådde vi eit resultat frå sal av sertifikat og garantiar på 13,7 mill.kroner mot 15,3 mill.kroner i 2020.

Hovudvolumet av kraft vert seld til laupande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 83,9 øre/kWh mot 10,7 øre/kWh i 2020. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 71,5 øre/kWh. Skattekostnaden for 2021 er rekna til 965,4 mill. kr, mot 32,7 mill. kr i 2020. I tillegg betalte SKL eigedomskatt og konsesjonsavgift med 56,7 mill.kroner.

Samla investeringar for konsernet utgjer 321,6 mill. kr. Av dette utgjer 185,8 mill.kr utbygging av Løkjelsvatn kraftverk i Litledalen i Etne, for å erstatte gamle anlegg. Det er også nytta 109,2 mill.kr i samband med 4 småkraftverk som er under bygging. Resterande har i hovudsak gått til reinvesteringar i eksisterande anlegg. SKL har også gjort mindre finansielle investeringar i selskap innan offshore vind og hydrogenproduksjon.

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft.

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 298 GWh.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytte selskap. I konsernet inngår også 13 småkraftverk i eigne selskap. 9 av desse har kraftverk i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 86 GWh, og 4 kraftverk på totalt 73 GWh er under bygging. Gjennom tilknytte selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 128 GWh.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvakar og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

I 2021 hadde SKL ein skade hjå tilsette som medførte fråvær, dette gav H1-verdi lik 10,6. Tilsvarande tal for 2020 var tre skadar med fråvær og H1-verdi lik 31,7. Samla sjukefråvær var 6,2% mot 5,3 % i 2020.

Konsernet sin soliditet er god. Eigenkapitaldelen på 51,4% av bokførte verdier gir ei sunn finansiering av konsernet sine anleggsmiddel. Dei reelle verdiane i konsernet sine produksjonsanlegg er langt større enn dei bokførte verdiane. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved og omfang av verksemda i konsernet.

Årsrekneskapen vart handsama i styret 21. februar 2022. Styret tilrår ovanfor generalforsamlinga ei utbetaling til aksjonærane på 422 mill. kr. Generalforsamlinga vert halden 28. april.

### **KONTAKTPERSONAR**

Adm.dir John Martin Mjånes                      53 49 60 00 / 97 55 60 09

Økonomisjef Knud Nagell Dahl                53 49 60 00 / 97 55 61 90

SKL den 21. februar 2022

Jan Petter Myhre  
Kommunikasjonsleiar